Voss herad

# Arbeid i utval

v/ ordførar Tonje Såkvitne
veke 17, 2024

VOSS
bygd for sterke opplevingar

# Mål for arbeid i utval:

- Politisk organisering – Delegeringsreglement [https://voss.herad.no/politikk-og-administrasjon/politikk-og-innsyn/politisk-organisering/politisk-organisering-som-pdf/](https://voss.herad.no/politikk-og-administrasjon/politikk-og-innsyn/politisk-organisering/politisk-organisering-som-pdf/)

- *Det overordna målet med den politiske organiseringa av Voss herad er å skapa gode tenester og ei forvaltning bygd på innsyn, tillit og dialog. Heradet ynskjer attraktive og dynamiske politiske utval med innbyrdes klart definerte ansvarsområde. Arbeidet i heradet må byggja på tydeleg formulerte rollar for politisk og administrativt nivå.*



Voss herad

# Endringar i politisk organisering - utval

- Endringar vedtatt i heradsstyret mars 2024

Utval for kultur og næring

1. Heradsstyret vedtar at utvalet held fram som før.
2. Heradsstyret ynskjer at utvalet skal prioritera meir systematisk arbeid med næring slik at det blir meir likevekt mellom kultur og næring. Utvalet skal fylgje opp næringsplanen og nytte denne i arbeidet i utvalet og hugsa på næringsrådet og at dei er ein viktig høyringspart i næringssaker.
3. Heradsstyret vedtar at Kraftfondet skal forvaltast av Utval for kultur og næring.

Utval for klima og miljø

1. Heradsstyret vedtar at utvalet skal framover heita: Utval for klima, miljø og beredskap. Klima og miljø heng tett saman med behovet for beredskap. Det er all grunn til å understreka dette i namnet på utvalet, og løfta fram ansvaret for tiltak knytte til beredskap.
2. Utvalet skal ha særleg fokus på flaumsikringsarbeid, og vera ein pådrivar for sikring av rasutsette vegar.
3. Heradsstyret vedtar at plansaker som kan ha store klima- og miljøkonsekvensar skal orienterast om i utvalet, og at utvalet kan kome med innspel til planarbeidet.

Utval for levekår

1. Heradsstyre vedtar at utvalet held fram som før.
2. Heradsstyret ynskjer at utvalet skal ha større fokus på born og unge i arbeidet, slik at det blir likevekt mellom oppvekst og helse, omsorg og sosial.
3. Ein skal på slutten av valperioden evaluera arbeidsmengda for utvalet.

VOSS

# Utvalsleiarmøte

- 26. februar 2024
- Erfaringsutveksling
- Utvalsleiarar, nestleiarar, ordførar, varaordførar, rådmann og sekretærar for utvala

Voss herad

# Generelt til utvala:

- Ein skal leggja til rette for gode diskusjonar og eit godt møteklima i utvalsmøta. Ofte kan ein dra nytte av at desse møta er mindre og at dei kan ha ein meir uformell tone som bidrar til å skapa gode politiske diskusjonar.

- Må likevel syte for ei formell ramme, ein skal:
  - Ta opprop
  - Godkjenne møteinnkalling og saksliste
  - Halde seg til den saka ein handsamar
  - Gjere vedtak i kvar av sakene
  - Arbeide med tema innanfor sitt utvalsområde
  - Teikne seg til ordet
  - Vente til ein er tildelt ordet av leiar
  - Ikkje snakka i munnen på kvarandre
  - Sende inn spørsmål som er krevjande å svara ut to dagar i førevegen, eller forvente svar i neste møte
  - Fatte vedtak om ein ynskjer å nytta ressursane til administrasjonen på å greia ut ei sak, må ha fleirtal

# Møteportalen

## Forslag - 22/24 Tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg 2024

Opprinnelig forslag 02.04.2024

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Utval for kultur og næring løyver kr 250 000 til vedlikehald av idrettsanlegg i 2024

2. Løyvinga vert fordelt slik:

| | Søkjar | Anlegg | Søknadssum | Tildeling |
|---|---|---|---|---|
| 1 | Voss idrottslag | Bavallen Alpinløyper | 65.000,- | 50.000,- |
| 2 | Voss fotball AS | Prestegardsmoen kunstgrasbanar | 156.000,- | 50.000,- |
| 3 | Voss ski- og tusenter | Voss ski- og tursenter | 164.391,- | 60.000,- |
| 4 | Bavallsbakken AS | Bavallen hoppbakke | 14.299,- | 15.000,- |
| 5 | Mjølfjell skilag | Mjølfjell skiløyper | 50.000,- | 50.000,- |
| 6 | Foreininga Bømoløypa | Bømoløypa | 25.000,- | 25.000,- |

3. Det vert sett av 50.000,- til løyvingar i neste søknadsperiode som er i november. Fordelinga av midlane vert delegert til rådmannen i samarbeid med Voss idrottsråd.

4. Midlane vert utbetalt etter vedtak frå konto 14713.5100.380 og skal nyttast i inneverande år, 2024. Tiltaket skal dokumenterast med rapport og rekneskap. Dokumentasjonene skal sendast inn så raskt som mogleg og seinast 3 månader etter gjemmomført tiltak. Prosjektet kan utsetjast eit år etter avtale/søknad. Voss herad forventar at prosjektet vert gjennomført på ein berekraftig måte.

Voss herad

# Utsetjingsforslag

**Nytt forslag**

Tittel (påkrevd)

Utsetjing

Innhold i forslag (påkrevd)

Utval for kultur og næring utset handsamin av saka grunna manglande dokumentasjon.

VOSS

Voss herad

# Alternativt forslag

**Nytt forslag**

Tittel (påkrevd)

Alternativt forslag

Innhold i forslag (påkrevd)

Utval for kultur og næring løyver ikkje pengar til vedlikehald av idrettsanlegg i 2024.

**Send forslag**

VOSS

Voss herad

# Tilleggsforslag

**Nytt forslag**

Tittel (påkrevd)

Tilleggsforslag

Innhold i forslag (påkrevd)

5. Alle idrettsanlegga som får tildelt pengar i 2024 frå Voss herad må setje opp skilt med Voss herad sin logo ved idrettsanleggt. Skiltet skal ikkje stå meir enn 50 meter i frå hovudområdet.

Send forslag

VOSS

Voss herad

# Endringsforslag

**Nytt forslag**

Tittel (påkrevd)

Endringsforslag

Innhold i forslag (påkrevd)

Endring av punkt 2:

2. Løyvinga vert fordelt slik:

| | Søkjar | Anlegg | Søknadssum | Tildeling |
|---|---|---|---|---|
| 1 | Voss idrottslag | Bavallen Alpinløyper | 65.000,- | 0,- |
| 2 | Voss fotball AS | Prestegardsmoen kunstgrasbanar | 156.000,- | 100.000,- |
| 3 | Voss ski- og tusenter | Voss ski- og tursenter | 164.391,- | 60.000,- |
| 4 | Bavallsbakken AS | Bavallen hoppbakke | 14.299,- | 15.000,- |
| 5 | Mjølfjell skilag | Mjølfjell skiløyper | 50.000,- | 50.000,- |
| 6 | Foreininga Bømoløypa | Bømoløypa | 25.000,- | 25.000,- |

Send forslag

# Møtet er satt!

- https://www.ks.no/fagomrader/demokrati-og-styring/folkevalgtprogrammet/nye-og-reviderte-hefter-for-folkevalgte/

